

Fra: Hilde Enstad[hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 04.12.2021 10:30:18
Til: Thor Inge Døssland[thor.inge.dosslan@kvinnherad.kommune.no]
Kopi:
Post[post@kvinnherad.kommune.no];arkiv@kvinnherad.kommune.no[arkiv@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: Re: Adventsblom til einskildtilsette.

Gode Thor Inge.

Takk for at du tek direkte kontakt! Det set eg pris på.
Eg kan forstå at ikkje alle er einige med meg i at eg deler ut adventsblom til enkeltpersonar i organisasjonen Kvinnherad kommune.

Eg veit og at det vil komme kritikk uansett kven eg vel å gje blom til. I ei ideell verd hadde alle tilsette fortent ei personleg helsing.

Det er derimot ikkje tilfeldig at eg starta med hovudverneombodet. Noko av det første koalisjonen av Sp/Ap/SF bestemte seg for i samarbeidet vårt var å setje fokus på arbeidsgjevarrolla. I det første budsjettvedtaket vårt, desember 2019, gjorde vi om stillinga som hovudverneombod frå ei deltidsstilling til ei heiltidsstilling. Dette meiner vi var eit viktig val og eit viktig signal. Dette vil gje hovudverneombodet tid og rom til å fokusere på oppgåvene sine på ein heilt anna måte enn når rolla skulle kombinerast med anna arbeid.

Eg har fått fleire tilbakemeldingar frå lokale verneombod ute i einingane at dei opplever støtte og hjelp frå sin leiar. Eg er og gjort kjend med at hovudverneombodet vart gjenvalgt for to nye år i sommar.

Frå mi side er dette og tenkt som ei anerkjenning av heile tillitsvaltapparatet i Kvinnherad kommune.

God førjulstid til deg og dine!

Venleg helsing
Hilde Enstad
Ordførar

Last ned [Outlook for iOS](#)

Fra: Thor Inge Døssland <thor.inge.dosslan@kvinnherad.kommune.no>
Sendt: lørdag, desember 4, 2021 9:06 am
Til: Hilde Enstad
Emne: Adventsblom til einskildtilsette.

Kjære ordførar.

Eg skjønar at utdeling av adventsblomar til tilsette, som har gjort seg spesielt fortent til det, er gjort i dei beste hensikter, men eg syns det er lite vellukka.

For det første synes eg det er heilt feil å heidra få, utvalde tilsette, - spesielt i desse tider når det på mange felt har blitt gjort ein ekstra formidabel innsats. Eg kan ikkje sjå at det er mogeleg å peika ut dei

få personane som har gjort seg fortent «utmerkinga» blant dei 1300 tilsette. Då blir det lett dei som har «arbeidd seg opp» til posisjonar, og det blir ikkje alltid gode val som inspirerer dei tilsette og fører til betre arbeidsmiljø. Dei som verkeleg gjer ein særdeles god jobb i det stille i «teamet» sitt blir nok ikkje vurdert.

For det andre må eg sei at eg reagerte på første utnemninga. Ja, eg må faktisk gå så langt at eg vil sei eg blei litt provosert. Eg kan ikkje skjønna at HVO har gjort seg meir fortent blomen, enn svært, svært mange av dei 1300 tilsette. Dette byggjer eg på erfaringar frå samarbeidet då eg var VO. Ho gjorde ikkje meir enn ein grei nok jobb, og i dette støttar eg fullt ut synspunkta som nyleg kom fram i Møyfrid Kristoffersen sitt lesarbrev i Kvinnheringen. Bindinga til K G var styrande og sterk.

Eg veit at mange har same synspunkt som meg på dei to punkta over, og derfor vel eg å senda dette til deg. (Eg vurderte først lesarbrev, men valde å gjera det slik.) Blomeutdelinga var nok heilt sikkert godt meint, men eg meiner at det blei eit bomskot, dessverre. Slike utval blir i denne samanhengen uheldig.

Eg ønskjer deg ei fin førjulstid og ei god jul!

Med venleg helsing

Thor Inge Døssland, lærarvikar og pensjonist

Eining for integrering og opplæring,

Mobil: +47 932 88 237

e-post: thor.inge.dosslan@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no |

